

Vekeplan 1.trinn

Lye Skule

Veke 25



Mål:	
Norsk	Eg kan lesa leseleksa med flyt.
Matematikk	Eg kan gruppere tal i einarar og tiarar.
Engelsk	Eg kan spør «How old are you» og svara kor gammal eg er.
Sosialt	Eg kan rydde og halde orden i gangen.

	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
1.økt 08.30- 10.00	Leik Samling Aktivitetsdag	Samling Stasjonar	Leik Samling Norsk	Leik Samling Rydding	Leik Fellessamling
2. økt 10.15 - 11.30	Aktivitetsdag	Engelsk	Matte	Tur til leikeplassen på toppen med 2. og 3.klasse	Kosetime
	Mat	Mat	Mat	Mat	Mat
3. økt 12.00 - 13.00	Aktivitetsdag	K&H		Tur til leikeplassen på toppen med 2. og 3.klasse	Uteleik
4.økt 13.10- 14.10	Avslutning i klasseromma			Tur til leikeplassen på toppen med 2. og 3.klasse.	

Til heimen:

På måndag er det aktivitetsdag for heile skulen. Då skal elevane gå i aldersblanda grupper og løysa ulike postar saman rundt på Lye. Det er vanleg nistemåltid denne dagen. Hugs gode klede og sko, me er ute nesten heile dagen. Me avslutter dagen i klasserommet. Eige skriv om aktivitetsdagen er sendt i visma.

På torsdag går me på tur til leikeplassen på toppen av Lye saman med 2. og 3.klasse. Det blir bål, så dei som vil kan ha med bålmat. Dei som bur på toppen kan få gå direkte heim, send ei melding i Visma innan torsdag klokka 08.00 om det gjeld ditt barn. Me gler oss til to kjekke utedagar denne siste veka!

På fredag er det siste skuledag i 1.klasse. Elevane kan ha med kjeks og ei lita brus/valfri drikke.

Måndag 1. juni starta Sommarles. Me oppfordrar alle til å vera med på denne kjekke lesekampanjen. Me har snakka om Sommarles på skulen, og håper at mange blir med! Flotte premiar kan hentast på biblioteket på Bryne. Les meir på www.sommarles.no.

Det ligg mange gode boktips til bøker som er gode å lesa sjølv på Sølvsberget bibliotek sine nettsider: <https://www.solvberget.no/anbefalinger/Knekke-lesekoden>. Sjå og tips til lettlesete bøker nedanfor!

Takk for eit veldig fint år! Me har gjort mange kjekke ting saman og lært mykje. Ha ein fantastisk fin sommar. Me gler oss til å sjå alle igjen i august! Første skuledag er onsdag 19. August.

Siste veka er leksefri, men ein god anledning til å samle poeng til Sommarles 😊

	<p>Bokserie om besta og Bo som finn på ting saman. Lettlest humor for småtrinnet.</p>
 <p>Rett i krysset</p>	<p>Serien «Kompis-bøkene» om barn i 2. Klasse og alt det morsame og spennande som skjer. Kvar bok handlar om ein gut eller ein jente i klassen.</p> <p>Korte setningar, litt skrift på kvar side.</p>
 <p>Hund Redaksjonen</p> <p>Katt Redaksjonen</p>	<p>Bokserien: Visste du at...?</p> <p>Morosamme fakta om dyr, mat m.m. 1-2 setningar på kvar side.</p>
 <p>Slåsskamp Helena Bross</p> <p>Innbrudd på skolen Helena Bross</p>	<p>Bokserie «Klassen min».</p> <p>Handlar om spennande og morsame ting som skjer i ein klasse.</p> <p>Lettlest med korte setningar, 3-5 setningar på kvar side.</p>